



Balestrand kommune

Plan og utvikling

Landbruksdepartementet
Adv. for skog-og ressurspolitikk
Postboks 8007 Dep.

0030 OSLO


Landbruksdepartementet	
Saksnr.: 2003 / 02997	Doknr.: 22
Mottatt: 03 DES 2003 ASR/BS	
Saksbehandler: TIN	Ansvar: 486
Utgitt:	Fylkesnr:

<i>Saksnr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Saksh. / Telefon</i>	<i>Dykkar ref.</i>	<i>Dato</i>
03/01210	243	Jørgen Hundseth 57 69 47 17		30.11.03

FORSKRIFT OM TILSKOT TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET OG TILSKOT TIL NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I SKOGBRUKET - HØYRING

Viser til dykkar brev av 28.10.2003, om høyring på forskrift, og viser til vedlagt politisk handsaming i Balestrand Kommune.

Med helsing


Jørgen Hundseth
Skogbrukssjef

Kopi: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, landbruksavd.

Postadresse:
Postboks 13
6898 BALESTRAND

Besøksadresse:
Rådhuset
BALESTRAND
E-post: postmottak@balestrand.kommune.no
Internett: www.balestrand.kommune.no

Sentralbord: 57 69 47 00
Telefaks: 57 69 12 05
Bankgiro: 3805.07.00043
Bankgiro for skatt: 7855.05.14183

MØTEBOK

Sak nr.: Utval
0022/03 Utval for plan og utvikling

Møtedato
25.11.2003

Sakshandsamar: Jørgen Hundseth
Arkivsaknr.: 03/01210

Arkiv: 243

PROTOKOLL: FORSKRIFT OM TILSKOT TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET OG TILSKOT TIL NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I SKOGBRUKET - HØYRING

Vedlegg: Brev 28.10.03 med høringsutkast til:

- Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket
- Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

Bakgrunn: Forskriftene skal på jordbrukssida erstatte:

- forskrift om spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap (STILK) og
- forskrift om investeringsstøtte til miljøtiltak (IMT).

På skogbrukssida skal den erstatte noverande sju forskrifter:

- handsaming av skogsvegar,
- praktikantar i skogbruket,
- fyrstegongstynning,
- drift i vanskeleg terreng,
- skogkultur,
- bygging av skogsvegar og
- miljøtiltak i skogbruket.

SAKSOPPLYSNINGAR

I handsaminga av St.meld.nr.1 (2001-2002) nye oppgåver for lokaldemokratiet-regionalt og lokalt nivå, vedtok Stortinget at ei rekke nye oppgåver innan landbruksforvaltninga skal overførast til kommunane. Overføringa gjeld vedtaksmynde for saker som krev lokalpolitisk skjønn. Tilsvarande gjeld for dei økonomiske verkemidlane (LUF). Stortinget ønskjer med dette å styrke det lokale sjølvstyret, gi kommunane betre høve til å sjå landbrukspolitikken i samanheng med andre samfunnsoppgåver, og samtidig bidra til betre målretting og effektivisering av statleg verkemiddelbruk.

Som ei oppfølging av desse endringane vil kommane frå 2004 få tildelt ei årleg ramme frå Fylkesmannen som vil omfatte :

- midlar til miljøtiltak i landbruket ("STILK")
- nærings- og miljøtiltak i skogbruket og
- skogbruksplanlegging.
-

Bruken av desse midlane skal forvaltaast med grunnlag i høringsutkast til forskrift i denne saka.

Som det framgår av utkasta vil kommunane få stor fridom til å prioritere mellom dei ulike tiltak, fastsetje tilskotssatsar, nærare kriterie og eventuelle vilkår.

VURDERING

1. Merknad til "Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket" :

§ 3 Vilkår.

Dette punktet bør skrivast på ein enklare og meir presis måte. Det bør gå klarare fram av paragrafen kva søkjargruppe som fyller vilkåra for å søkje tilskot. Dersom det er ei målsetting at kommunen skal utøve skjønn når det gjeld vilkåra bør dette innarbeidast.

I forskrifta er kun eingongstilskot omtala, og ikkje årlege tilskot som går over ein tidsperiode på fleire år. Er det slik å forstå at det ikkje er høve til å innvilge fleirårige tilskot til f.eks. skjøtsel av verdfull areal? Dette bør i såfall det innarbeidast i forskrifta, slik at det i særskilde høve kan vere rom for å gje tilskot til arbeidsintensive driftsformer som har gått ut av moderne jordbruksdrift, der målsettinga er å oppretthalde kvaliteten i kulturlandskapet og det biologiske mangfaldet.

2. Merknad til "Forskrift om nærings-og miljøtiltak i skogbruket" :

Kap 5.

Sitat siste line: " Det er ikke anledning til å gi tilskudd til taubanedrift."

Vurdering

Viser her til oversiktsplanen for skogbruket i Balestrand, der status for vegbygginga i dei økonomisk drivverdige områda er at om lag halvparten av planlagde vegar er gjennomført. I dette arealet er om lag 80 % tenkt framdrive i kombinasjon vegbygging - slepe-/taubane. Ein sum av ulike kutt til skogbruket, som redusert skattefordel ved bruk av skogavgift til nyanlegg og her i framlegg til ikkje å gi tilskot til taubanedrift, gjer det vanskeleg for vidare lokal verdiskaping og lønsemd av skogsdriftene. Eit kutt i driftstilskotet vil og i mange høve føre til meir terrenginngrep i form av enkle driftsvegar. Altså vil bortfall av tilskot til taubanedrift være svært uheldig i distrikt med høg andel bratt terreng. Det bør difor slik ein ser det vere opp til den enkelte kommune å avgjere om det bør bli gjeve tilskot til også taubanedrift.

Kommentar til klargjering av ordninga i følgjebrev 28.10.2003:

Kommunane får ei årleg disposisjonsramme på bakgrunn av fleirårige tilskotsstrategiar som kommunen skal utarbeide.

Vurdering

Kommunane får stadig nye plan- og rapporteringskrav. Meiner det er både unødvendig og vil føre til mykje meirarbeid å legge opp ordninga på den måten. Kvar kommune bør få ei tilskotsramme etter objektive kriterie som er forutsigbare frå år til år. Vidare må kommunane kunne forvalte ordninga med eit fleirårig perspektiv. Dvs. at unytta tilskot eit år kan setjast av på fond og nyttast i kommande år. På den måten kan kommunen også planlegge gjennomføring av tyngre tiltak.

Sitat : ” - tilskudd til veiformål kan ikkje utgjøre mer enn maksimalt 50 % av det tildelte beløp til skogkultur i den enkelte kommune”.

Vurdering

Investeringar til vegformål, i høve andre skogtiltak i ein kommune, kan variere svært mykje frå år til år. Skal ein følge denne ”50 % regelen” vil ein i dei år med stor aktivitet i skogsvegbygging få problem med fordelinga. Særleg gjeld dette der ein allereie har godkjende planar og stor byggjeaktivitet, og av den grunn vil få stort tilskotsbehov i 2004. Skal ein gjennomføre denne avgrensinga bør ein i alle høve få til ei overgangsordning. Vidare bør det ved store investeringar i veg, eller motsett til skogkultur, være mogleg å fordele dette over fleire år. Men som ei samla vurdering vil sakshandsamar tilrå at denne avgrensinga vert stroke.

Rådmannen si tilråding:

Balestrand kommune si uttale til ”Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket” og

”Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket” vert i samsvar med merknadene i saksutgreiinga.

Handsaming:

Utval for plan og utvikling :

Utvalet røysta over rådmannen si tilråding

Vedtak

Balestrand kommune si uttale til ”Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket” og ”Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket” vert i samsvar med merknadene i saksutgreiinga.

Samrøystes.